



Jordvarmeanlegg


KALDT VATN



VARMT VATN

Island har vulkanar.
Varm damp og kokande vatn
frå bakken
blir brukt til å lage straum.






Jordvarmeanlegg

Jordvarme er ein miljøvennleg måte å hente ut varme frå bakken på. Store røyr blir plasserte i bakken ute i hagen. Desse røyra kan stikke 200 meter ned. Kaldt vatn blir sendt gjennom røyrret og blir varma opp før det kjem opp til huset igjen.


Island er kjent for vulkanane sine. Varm damp og kokande vatn frå bakken blir brukt til å lage energi.


Island produserer mykje elektrisk energi som dei sel til andre land.

Hus med jordvarme



Jordvarmeanlegg





Jordvarmeanlegg


Eit jordvarmeanlegg er ein miljøvennleg metode for å varme opp bygningar og hus. Det utnyttar den naturlege varmen som finst i jorda under overflata. Sjølve prinsippet bak eit jordvarmeanlegg er ganske enkelt kaldt vatn som blir sendt gjennom jordas indre varmelager og blir varma opp.

Når du installerer eit jordvarmeanlegg, borar du energibrønner i bakken, vanlegvis i hagen eller i nærleiken av bygningen som skal varmast opp. Eit slikt røyr kan vere til dømes 16 cm i diameter og opp til 200 meter langt. Røyra i desse brønnane er kopla saman og danner ein lukka kring. Når røyra er på plass, blir dei fylte med ei blanding av vatn og frostvæske. Denne væska sirkulerer i røyra og utvekslar varme med jorda. Om sommaren kan systemet brukast til kjøling, og om vinteren til oppvarming av hus.


Eit jordvarmeanlegg er ei fornybar energikjelde som ikkje er avhengig av fossile brensel.


Island er kjent for dei geotermiske energiressursane sine, og landet speler ei stor rolle i produksjonen av elektrisk energi frå geotermiske kjelder. Faktisk står Island for ca. 6 % av verdas totale produksjon av elektrisk energi frå geotermiske kjelder. Dette kjem av den vulkanske aktiviteten på øya, som gjer at geotermisk energi kan utnyttast til både elektrisitetsproduksjon og fjernvarme i stor skala.

Hus med jordvarme



Jordvarmeanlegg





Jordvarme

Korleis kan ein utnytte naturressursen jordvarme?

Tenk ut ei oppfinning som nyttar seg av energi frå jordas indre. Teikn oppfinninga di. Skriv ei kort forklaring på korleis ho verkar, og kva ho skal brukast til.

Oppfinninga mi
